

## *Regelverk for bruk av datamaskiner i skulen*

Skulen ynskjer at elevane skal ha god tilgang til fungerande datautstyr for å utføre skulearbeid. Av den grunn bør datautstyret til skulen bli behandla med varsemnd slik at alle opplever at utstyret fungerer best mogeleg. Me har stor tru på at nye maskiner vil bli tatt godt i mot av elevane, og at dei vil ta godt vare på utstyret!

Gratisprinsippet i *Opplæringslova* gjeld også for bruk av datautstyr på skulen. Me ynskjer å presisere at *Lov om skadeerstatning* gjeld. Føresette til elevar som gjer skade på datamaskiner, kan såleis bli pliktig til å betale erstatning for øydelagt utstyr.

Lov om skadeerstatning:

§ 1-1.(barns ansvar.)

*Barn og ungdom under 18 år plikter å erstatte skade som de volder forsettlig eller uaktsomt, for så vidt det finnes rimelig under hensyn til alder, utvikling, utvist adferd, økonomisk evne og forholdene ellers.*

§ 1-2.(foreldres ansvar m.v.)

*1. Foreldre plikter å erstatte skade voldt av barn og ungdom under 18 år, såfremt de har latt det mangle på tilbørlig tilsyn eller på annen måte ikke har gjort det som etter forholdene er rimelig å kreve av dem for å hindre skadeforvoldelse.*

*2. Uansett egen skyld svarer foreldre for skade voldt forsettlig eller uaktsomt av deres barn under 18 år som de bor sammen med og har omsorgen for, med inntil 5.000 kroner for hver enkelt skadevolding.*

## Regelverk for bruk av datamaskiner i skulen

### Generelt

- Eleven er sjølv ansvarleg for all bruk av eige brukarnamn og passord.
- IKT-ansvarleg / rektor / inspektør ved skulen kan, utan varsel, sjekke alt innhald på nett og elevars materiale.
- Ein skal ikkje oppgje etternamn, adresse, privat telefonnummer eller kva skule ein går på til ukjende. Ein skal heller ikkje avtale møte med ukjende.
- Straffbare tilhøve blir meld til politiet.
- Det vert utdelt eit par personlege øyretelefonar til elevar i 6.kl. Eleven må syte for at han/ho har høyretelefonar tilgjengeleg i undervisinga.
- Elevar frå 1. – 5.kl får låne høyretelefonar, som skal behandlast på lik linje med anna skulemateriell.

<u>Reglar</u>	<u>Ved regelbrot</u>
<ul style="list-style-type: none"><li>➤ Elevane skal berre bruke datamaskinene til skulearbeid.</li><li>➤ Program for online-prat (chat som t.d. MSN, Facebook, Nettby mm.) skal kun nyttast etter avtale med lærar.</li><li>➤ Det er ikkje lov å spela spel på maskinene, utan etter avtale med lærar.</li><li>➤ Fildeling, som bryt med andsverklova, er ikkje tillate.</li><li>➤ Det er ikkje tillate å skaffe seg urettvis tilgang til andre elevar eller tilsette sine data.</li><li>➤ Det er ikkje lov å gje falske beskjedar, endre på andre sine dokument eller på annan måte bidra til sabotasje av data til medelevar eller tilsette.</li><li>➤ Eleven skal sjekke om bilete, tekst eller anna materiale er kopibeskytta, før han sender det vidare eller brukar det til eige arbeid.</li><li>➤ Viss ein ser feil eller manglar på datautstyr, eller virusvarsel, <u>skal</u> ein melde frå.</li><li>➤ Det er ikkje lov å gjera endringar på oppsettet til maskina eller laste ned og installere program utan løyve frå lærar.</li><li>➤ Eleven pliktar å logge seg av maskina når ho/han forlet denne.</li><li>➤ Pc-ane skal alltid ligge i pc-skåpet når det ikkje er i bruk i skuletida. Dei skal lagrast avslått i veska som høyrer til maskina.</li></ul>	<p><i>Datamaskina skal straks dragast inn. Det skal meldast til IKT-ansvarleg på skulen kva brotet på regelverket gjeld.</i></p> <p><i>Eleven får ikkje moglegheit til å nytte datamaskina eller andre maskiner på skulen dei neste 3 dagane.</i></p> <p><i>Skjer brot fleire gongar for same elev, skal det vurderast kor lenge datamaskina skal dragast inn.</i></p>

## *Regelverk for bruk av datamaskiner i skulen*

- Ved skadeverk (t.d. avtaking av knappar på tastaturet, ripping av skjerm osv.) så må elevane/ dei føresette pårekne at dei blir haldne erstatningsansvarlege.
  - a) Ved skade på tastatur; inntil 750,-
  - b) Ved skade på skjerm; inntil 2500,-
  - c) Ved grov skade på datamaskina; inntil 4000,-
  - d) Ved tap/skade på straumforsyning; inntil 850,-
  - e) Ved tap/skade på veske; inntil 350,-
  - f) Ved tap/skade på høyretelefonar; inntil 100,-
- Det er ikkje lov å spreie eller søkje etter pornografisk, valdeleg, rasistisk eller blasfemisk materiale.
- Det er ikkje lov å nytte utstyret til mobbing eller trakassering.

*- Datamaskina skal straks dragast inn. Det skal meldast til IKT-ansvarleg på skulen kva brotet på regelverket gjeld. Føresette skal varslast.*

*- Eleven får ikkje moglegheit til å nytte datamaskina eller andre maskiner på skulen dei neste 3-6 månadane (etter alvorlighetsgraden til regelbrotet). Føresette skal varslast.*

*- Det kan også bli aktuelt med erstatningskrav eller politianmeldelse ved alvorlege brot*

## *Regelverk for bruk av datamaskiner i skulen*

### **ELEVKONTRAKT / FORELDREKONTRAKT for skuleåra 2017/2018**

Eg har lese og forstått reglane for bruk av datamaskiner og Internett.

Eg vil bruke datamaskinane og Internett på ein ansvarleg måte og fylgje skulen sine reglar til ei kvar tid.

Eg er klar over at skulen kan fjerne høve til å bruke skulen sine datamaskiner og Internett viss nokre av desse reglane blir brotne.

Eg er og klår over at eg/føresette kan bli erstatningsansvarleg om eg utøvar hærverk på utstyr.

Underskrift av eleven:.....Dato:.....

Vi har lese, forstått skulen sine reglar for bruk av datamaskiner og Internett.

Vi er og klår over at vi kan pårekne å måtte erstatte datautstyr om vårt barn utøvar hærverk på det.

Underskrift av føresette:.....Dato:.....